

Lindås kommune
Plan- og miljøutvalet
Kvernhusmyrane 20
5914 Isdalstø

29.12.2017

Merknadar til 2. gangs høyring av reguleringsplan Hillesvåg bustadområde.

Som eigar av G.br.nr 196/29 har me eit og anna å sei om 2. gangs høyring av reguleringsplan Hillesvåg bustadområde, og prosessen fram til no. Dette håpar eg kjem tydeleg fram i dette skrivet.

Viser til epost ``Merknader til framlegg om ny reguleringsplan sak 157/16`` 21.03.17 og svar fra Ing. Taule as datert 07.04.17.

Dag Taule sitt svar på etterlysning av dialog, var at det vart holdt informasjonsmøte 04.11.2014, der mellom anna underteikna deltok, og nokon infoskriv.

Informasjonsmøtet er no over tre år sidan, og det er store endringar i planar som vart ytra frå Karl Atle Taule på møtet i Hagelia 6 i 2014. Det som begynte med ein muntleg dialog med Taule allerede i forkant av dette møtet, med planar om eit koseleg tun med 4 einebustadar og nøst med mogleg båtplass for underteikna, har no utvikla seg til 10 bueiningar, forslag om å rive underteiknas garasje, flytting av avkjørsla og eit alvorleg innhogg i opparbeida tomt med hekk og plen. Sidan 04.11.2014, sett bort ifrå svar på merknadar datert 07.04.2017, og nevnte infoskriv har det vært svært lite informasjon frå utbyggjar og ingen toveis dialog. Minnar om oppfordring til befaring i epost datert 21.3.17.

Det kan ikkje vera urimeleg at underteikna føle seg overkjørt då 2. gangs høyring av reguleringsplan Hillesvåg bustadområde blei mottatt rett før julehøgtida med svarfrist 07.01.18. Med den korte svarfristen som er satt for 2. gangs høyring av reguleringsplan Hillesvåg bustadområde, og dei store endringane frå 1. gangs høyringa som berørar fleire naboar, så kan ein undrast om utbyggjar/administrasjonen prøver å tromfe igjennom reguleringsplanen utan å ta omsyn til innbyggjarane som blir berørt. Minnar om brev, Referat frå oppstartsmøte - Hillesvåg bustadområde datert 5.1.2015, der kommunen skriv, sitat; Kommunen sine råd: God dialog med naboar og gjenbuarar i området.

Når det gjeld detaljar i 2. gangs høyring av reguleringsplan Hillesvåg bustadområde så meinar underteikna at det også minnar om hastverk, med nokon nye punkt for å imøtekoma Statens Vegvesen sitt motsegn, men med mange detaljar for grunneigarane som manglar, med einaste mål å få Statens Vegvesen til å trekke motsegnet datert 15.05.17.

Utbyggjar kjem med fleire endringar som i stor grad berørar eigedom 196/29, minnar om at utbyggjar ikkje har forsøkt å komma i dialog med underteikna for å diskutere mulige løysingar undervegs av utforminga av 2. gangs høyring av reguleringsplan Hillesvåg bustadområde.

Framlegget til reguleringsplan må arbeidast vidare med, både når det gjeld planlagde vegløysingar og generell teknisk kvalitet. Underteikna fremjar motsegn mot reguleringsplanen slik den ligg føre i dag. Mitt motsegn er knytt opp til mi rolle som grunneigar av G.br.nr 196/29. Etter vårt syn er ikkje våre interesser tatt hensyn til, og

detaljar som angår løysingar på dei utfordringane som er i området frå eigedommen vår og nordover er svært mangelfull.

Tverrprofilteikningane gir lite informasjon då eg ikkje finn noko oversikt som visar kvar utsnitta er henta ifrå.

I epost til Statens Vegvesen skriven av Christian Hagerup Reinshol, for Lindås Kommune, datert 18.12.17, finn eg det underleg at Reinshol skriv at endringane som er gjort frå 1. gangs høyring er av avgrensa omfang. Mitt grunnlag er nevnt tidligare i denne eposten, i tillegg til store endringar for andre naboor i gjeldande område.

Reinshol beri samme mail om ei prioritering av denne saka grunna saka har pågått over lengre tid. Underteikna meiner dette ikkje skal vere eit argument for ei hastevurdering av Statens Vegvesen der det framleis er detaljar utan løysingar og naboor som ikkje blir høyrd trass store ingrep i eigedommane deira.

Å måtte vente til marsmøte for plan- og miljøutvalet er da ikkje lange tida sett i lys av tida det har gått så langt og utfordringane i området som skal regulerast.

MVH
Odd Martin Eidsheim, grunneigar 196/29.